

Driveplikt og jordleige



Foto: SFVL.

I midten av oktober starta eg i ny jobb her hjå Statsforvaltaren og skal i tida framover jobbe med driveplikt og jordleige. Tidlegare har eg arbeidd som sakshandsamar på Bjørnafjorden landbrukskontor. Eg møtte truleg mange av dykk på Landbrukskonferansen på Voss no i haust.

På landbrukskonferansen var driveplikta eitt av fleire tema. Korleis kan vi løfte fram driveplikta på ein positiv måte, og kva kan kommunane og statsforvaltaren gjere for å følgje opp at den lovfesta driveplikta vert halde? Dette var spørsmål som vi var innom, og som vi drøfta på konferansen.

Arbeid framover

Ei av arbeidsoppgåvene til kommunane og statsforvaltaren er å føre tilsyn med at føresegnene i jordlova §§ 8 til 12 vert haldne. Statsforvaltaren er klageinstans i kommunane sine vedtak som gjeld driveplikt.

Korleis handheve driveplikta er eit tema som kommunane gjentekne gonger har stilt spørsmål om på dei årlege landbrukskonferansane. Å ta tak i dette er ei av svært mange arbeidsoppgåver landbrukskontora i kommunane skal få tid til. Vi må difor sjå om vi kan finne felles løysingar som kan gjere arbeidet lettare.

Arbeid som er gjort i andre fylke

Fram til no har eg brukt tid på å undersøkje kva som har vore gjort i andre fylke, og i nokre av kommunane våre, der dette arbeidet har vore prioritert.

I Troms og Finnmark er arbeidet forankra i regionalt bygdeutviklingsprogram med eit eige «Matjordprogram» der eitt av satsingsområda er å få meir sjølveid jord i drift og å styrke jordleigetilhøva. Dette har dei jobba med over tid. Erfaringa dei har gjort er at det er dette er

ressurskrevjande arbeid og at det er stort behov for informasjon. Mange grunneigarar er ikkje klar over at dei faktisk har driveplikt.

Statsforvaltaren i Telemark og Vestfold har i 2021 gjennomført prosjektet « Areal ute av drift». Gjennom 2019 og 2020 har dei jobba fram ein eigen metode for å følgje opp areal som i kartløyninga *Kilden* ligg som *Jordbruksareal som kan vere ute av drift*. Dette kartlaget viser eigedomar der det ikkje vert søkt om areal- og kulturlandskapstilskot, og eigedomar der berre ein viss prosent av areala er omsøkt. Statsforvaltaren i Telemark og Vestfold har no fått på plass ei sjekkliste og eit eige kartlag der kommunane kan registrere status på areal som må følgjast opp med omsyn til driveplikta.

Kva kan vi dra nytte av?

Mykje av arbeidet som er gjort i desse to fylka kan vi dra nytte av. Begge fylka har laga seg brevmalar til bruk i sakshandsaming, informasjonsmateriell og temasider på heimesida. Vestfold og Telemark har ei eiga side, «Verktøykasse for kommunane», der det er lagt ut malar som kommunane kan bruke. Her ligg til dømes opplysningsbrev til grunneigarane, pålegg om bortleige, jordleigeavtale m.m. Lyngen kommune i Troms har til dømes laga seg ei oversikt i Excel over landbrukseigedomane i kommunen med fargekodar, der dei fortløpande legg inn registrering av sjølvstendig drift, leigeavtaler, fritak og ledige areal for utleige. Ei kartløyning lik Telemark og Vestfold er det også mogeleg å få til i med utgangspunkt i *Fylkesatlas* vårt.

Også i vårt eige fylke er det fleire kommunar som har prioritert handheving av driveplikta og å få oversikt over leigejordavtalar. Eg har fått mykje god informasjon av Landbruk i Høyanger og felles landbrukskontor ÅLA (Årdal, Lærdal og Aurland). Dei hadde nyttige erfaringar og gode rutinar for sakshandsaming. Dette vil eg ta med i vidare arbeid.

Informasjon om din kommune

På heimesida vår under *Landbruksstatistikk* ligg det lenke til *Fylkesatlas*. Her kan du også laste ned *Statistikkbanken*.

I *Fylkesatlas*et kan du velje temalag *Landbruk – Jordbruk*. Eit av kartlaga her er *Jordbruksareal som kan vere ute av drift*. Du kan også bruke *Nibio Kilden* for å finne areal som kan vere ute av drift. Grunnlaget for karta er opplysningar frå produksjonstilskotsøknadane. Det vil sei at nokre av desse areala kan vere i drift, men at eigar ikkje søker tilskot. Der berre delar av arealet på eigedomen er omsøkt, vil kartet vise tre klasser med prosentvis del som det ikkje er utbetalt tilskot for (25-49 %, 50-74 %, 75-99 %). Det går ikkje fram av kartet kva teigar som kan vere ute av drift. Kartet vil difor ikkje gje all den informasjonen ein treng, men er ein nyttig reiskap for å finne dei eigedomane der det er nødvendig å få avklart om driveplikta er oppfylt.

I vårt fylke er over 50 % av jorda som er i drift leigejord. Korleis stoda er i den enkelte kommune finn du i statistikkbanken.

Oversikt over samla areal som kan vere ute av drift i fylket vårt, og den enkelte kommune, finn du her: https://nibio.no/tema/jord/arealressurser/andre-kart/jordbruksareal-som-kan-vaere-ute-av-drift/_attachment/inline/ea8cec68-a46e-4577-b05a-23e2142850a1:ee548960f3a2efd2bcbd319527a56e285c0262fe/totalt_jordbruksareal_som_kan_vare_uteavdrift_2020.pdf

Kva seier regelverket?

Når så mykje som halvparten av jordbruksarealet i fylket vårt er leigejord, er det viktig å sikre at leigetakar får ei langsiktig avtale som sikrar at han/ho får att for arbeid og investeringar på leigejorda. Ved utleige av areal er lova sitt krav at det skal vere skriftleg avtale på minst 10 år om gongen utan

høve for eigar til å seie opp avtala. Eigar skal sende kopi av avtala til kommunen. Om kommunane får inn jordleigeavtalane vil eg tru varierer frå kommune til kommune.

Det er verdt å merke seg at å få på plass ei leigeavtale er grunneigar sitt ansvar. Driveplikta er ei personleg plikt som alle eigarar av jordbruksareal har. Det skal ikkje vere slik at den som driv jorda skal måtte presse på for å få på plass ei avtale som stettar lova sitt krav.

Kravet om at jordbruksareala måtte leigast ut som tilleggsjord til ein annan landbrukseigedom i drift vart fjerna i 2017. I dag kan eigar leige ut heile, eller delar av, arealet sitt til føremål som til dømes marknadshagedrift eller andelslandbruk. Det er viktig at vi, ved å handheve driveplikta, kan legge til rette for tilgang til areal for dei som ynskjer å komme i gang med slike prosjekt.

Føremålet med driveplikta er at matproduksjonen vår skal sikrast ved at jordbruksareala våre er i kontinuerleg drift. Landbruks- og matdepartementet sitt nye rundskriv M-2/2021 - *Driveplikt, omdisponering og deling* er tydelegare en førre rundskriv på kva som skal til for at driveplikta er oppfylt. Jorda sine produksjonsegenskapar skal takast vare på slik at jordbruksarealet kan nyttast til vanleg jordbruksdrift med mogelegheit for normal avling. Det er ikkje krav til driftsform eller at drifta skal vere optimal, men utgangspunktet er at areala vert hausta årleg. Driveplikta er ikkje oppfylt dersom eigar berre slår arealet med beitepussar.

<https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/landbruk-og-mat/landbrukseigedommar-og-buplikt/eigar-har-driveplikt-pa-gardsbruk---nytt-rundskriv/>

Pkt. 7.3.5 i M-2/2021 *Drivepliktens innhold når eieren selv velger å drive jordbruksarealet*, gir eit godt grunnlag for å vurdere kva det vil sei å stå ansvarleg for drifta på eigedomen. Eigar må stå økonomisk ansvarleg for drifta, legge planar for drifta og stå ansvarleg for innkjøp av driftsmidlar og sal av produkt. På eigedomar med produksjon av grovfôr, der eigar sjølv ikkje utfører det praktiske arbeidet med gjødsling og hausting, kan det vere tvil om kven som faktisk står for drifta. Ei slik problemstilling gjed ikkje berre oppfyltinga av driveplikta, men også vilkåra for søknad om areal- og kulturlandskapstilskot. Er det eigar eller den som haustar jordbruksareala som kan søkje produksjonstilskot? Slike saker kan vere krevjande og vi treng ei felles forståing av regelverket.

I rundskrivet er også reglane om fritak frå driveplikta grundig greia ut. Ein søknad kan gjelde fritak frå sjølve plikta til å drive, eller ei lemping på vilkåret om 10-årig leigeavtale. Det kan til dømes vere eigedomar der det verken er grunnlag for næringsmessig drift eller mogeleg å få leigd ut jordbruksarealet. På eigedomar der generasjonsskifte nærmar seg, eller det nyleg er gjennomført eigarskifte, kan det vere aktuelt å lempe på kravet om 10 års-bortleige. Som det vert vist til i rundskrivet er det føremålsparagrafen i jordlova som er utgangspunktet i vurderinga. Omsynet til framtidig matproduksjon og verknaden for kulturlandskapet står sentralt.

I sakshandsaminga skal det leggast vekt på:

- Kor viktig det er å halde jordbruksarealet i hevd
- Bruksstorleiken
- Avkastningsevna på arealet
- Om det er andre gardsbruk i området som treng leigejord
- Søkjar sin livssituasjon

Ei god saksutgreiing vil særleg krevje kunnskap om lokale driftstilhøve, men utveksling av kunnskap og erfaring mellom kommunane kan vere nyttig både i vurderinga av saker som gjeld fritak frå driveplikta og der det er tale om oppfølging av brot på driveplikta.

Dersom vi framover kan få auka merksemd om driveplikta og gå systematisk til verks for å få komme i kontakt med dei eigarane som ikkje oppfyller driveplikta, kan dette verte ei pådrivar for mange som er usikre på korleis dei skal bruke areala dei eig. Dette kan setje i gang ein prosess der dei må vurderer ulike alternativ:

- Mogelegheitene for ny drift
- Generasjonsskifte
- Sal av eigedomen slik at nye kan sleppe til i næringa
- Kva som må til for å få på plass ei god leigeavtale som innfrir forventningane til både eigar og leigetakar.

Ta kontakt

Vi nærmar oss slutten av året og det er ei travel tid for alle i kommunane. Eg reknar med at både no i desember og i januar vil mange av dykk vere travelt opptekne med produksjonstilskotssøknadane. Eg håpar at dykk litt ut på nyåret får tid til å setje av tid til å diskutere stoda i dykkar kommune. Kva det vil krevje av dykk å få prioritert arbeidet med oppfølging av driveplikta? Kva tenkjer de vil vere nyttig hjelp frå oss som skal jobbe med dette her hjå Statsforvaltaren? Ta gjerne kontakt dersom de har erfaringar å dele, eller spørsmål om tema.